

Tilskot til tiltak i beiteområde

2024 - 2028



Retningslinjer for
tildeling av tilskot i
utmark til beitelag og
grunneigarlag



Om ordninga

Føremålet med tilskotet er å leggje til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda.

Heradet forvaltar ordninga og tildeler tilskot etter søknadar. Fylkesmannen er klageinstans og fordelar ut årlege midlar til kommunane.

Tilskot kan gjevast til lag eller foreiningar (beitelag, grunneigarlag ol.) som er registrert i einingsregisteret, som driver næringsmessig beitedrift og som setter i gang investeringstiltak i eit beiteområde.

Midlane skal forvaltast i tråd med [Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder - Lovdata](#).

Driftstilskotet til beitelaga er auka gjennom RMP, og beitelaga kan sjølv ta ansvar for mindre tiltak. Me prioriterer utarbeiding av beitebruksplan og prosjekt med større kostnader. Generelt kan det gjevast tilskot til alle typar tiltak som fremjar beiting i utmark, men i hovudsak skal tiltaka vera stasjonære.

Lokale retningslinjer er grunnlaget for prioritering av søknadar og løyvde tilskot.

Ulike tiltak som kan søkjast om tilskot til

- Tilskot til utarbeiding av beitebruksplan. Det kan gjevast tilskot til møter og utarbeiding av planen, med støtte opptil 50 % av godkjende kostnader.
- Sanke- og skiljeanlegg, maksimalt 40 % tilskot
- Bruer dimensjonert for dyr og folk, maksimalt 40 % tilskot
- Sperregjerder for å sikra at dyr ikkje kjem over i farleg område, maksimalt 50 % tilskot
- Gjetarhytte/sankehytter, maksimalt 20 % tilskot
- Radiobjøller og anna elektronisk overvakingsutstyr, maksimalt 30 % tilskot
- Andre tiltak som fremjar beiting, maksimalt 30 % tilskot

Tilskot vert tildelt på grunnlag av godkjend kostnadsoverslag, og satsane vert tilpassa søknadsmengda.

Søknadsfrist

Søknadsfrist for tilskot til tiltak i beiteområde i Kvam herad er 1.mars med forventta svar innan 1.juni. Søknaden skal innan fristen vera levert til kommunen på skjema fastsett av Landbruksdirektoratet.

[Søknadsskjema - tilskot til tiltak i beiteområder](#)

Søknad og utbetaling

- Kostnadsoverslag, finansieringsplan, eventuelle avtaler og kart som syner dei planlagde tiltaka skal leggjast ved søknaden.
- Kostnadsoverslag for faste installasjonar vil normalt omfatte materialkostnader, frakt ut til beiteområde og arbeidskostnader. Innkjøpspris på elektronisk overvakingsutstyr vil i dei fleste tilfelle verta rekna som godkjend kostnadsoverslag. Meirverdiavgift kan inngå i kostnadsoverslaget dersom tilskotsmottakar ikkje har frådragsrett for inngåande meirverdiavgift.
- Eige arbeid må dokumenterast med timelister.



- For tilskot til faste installasjonar skal det føreligge ein langtidskontrakt på over 10 år med grunneigar, eller andre som har rettigheitar i det aktuelle beiteområde.
- Kart som syner det planlagde tiltaket i beiteområdet skal leggjast ved søknaden.
- Forskotsutbetaling kan skje med inntil 75 % av tilskotsbeløpet på grunnlag av godkjend dokumentasjon for påløpte kostnader. Dette kan vera kopi av betalt faktura for innkjøpt materialar, utstyr, transport mm.
- Om kostnadane vert lågare enn forutsett vert tilskotsbeløpet redusert tilsvarande. Om beløpet vert høgare enn det som er lagt til grunn for vedtaket er utbetalinga likevel avgrensa til løyvdt tilskot.

Vilkår

- Frist for gjennomføring er 3 år frå innvilga tilskot. Kommunen har høve til å forlenga gjennomføringsfristen med opp til 2 år.
- Når prosjektet er fullført må leiar sende inn anmodning om utbetaling. Det skal leggjast ved
 - Sluttregneskap med kopi av faktura
 - Foto som syner fullført arbeid
 - Kort rapport om arbeidet som er gjort

Strategien er utarbeida i samarbeid med Vikøy og Øystese Bondelag, Strandebarm-Tørvikbygd Bondelag, Kvam Sau og Geit, Kvam Fruktdyrkarlag, Tine produsentlag, Fykkesund Aust Beitelag og Steinsdalen og Norheim Beitelag.

